



ULSTEIN KOMMUNE



# Alkoholpolitisk handlingsplan

2020–2024

Vedteken av Ulstein kommunestyre  
13.02.2020

## Innhald

1. Formålet med Alkoholpolitisk handlingsplan .....	4
2. Gruppeinndeling alkoholhaldig drikk .....	5
3. Løyveperiode for sal- og skjenkestadar.....	5
4. Om skjenkeløyve .....	5
4.1 Alminneleg skjenkeløyve .....	5
4.1.1 Konsept.....	6
4.1.2 Skjenketider.....	6
4.1.3 Vilkår for å få skjenkeløyve .....	6
4.2 Løyve ved einskildhøve.....	6
4.2.1 Konsept.....	6
4.2.2 Skjenketider ved einskildhøve.....	7
4.2.3 Vilkår ved einskildhøve.....	7
4.3 Ambulerande skjenkeløyve .....	7
4.3.1 Kva er eit slutta lag? .....	7
4.3.2 Omfang og skjenketid for ambulerande skjenkeløyve .....	7
4.4 Saksbehandling.....	8
4.4.1 Søkjær.....	8
4.4.2 Dokumentasjon .....	8
4.4.3 Innhenting av uttalar .....	8
5. Om salsløyve.....	8
5.1 Salsløyve .....	8
5.1.1 Varegruppe 1 .....	8
5.1.2 Varegruppe 2 og 3 .....	9
5.1.3 Salstider .....	9
5.1.4 Vilkår for salsløyve.....	9
5.2 Saksbehandlingsreglar salsløyve .....	9
5.2.1 Søkjær.....	9
5.2.2 Løyveperiode.....	9
5.2.3 Dokumentasjon .....	9
5.2.4 Innhenting av uttalar .....	10
6. Kontroll med sals- og skjenkestader .....	10
7. Reaksjonar ved brot på alkohollova .....	10
7.1 Prikktildeling og inndraging av sals- og skjenkeløyve.....	10
7.2 Saksbehandlingsreglar ved brot på regelverket .....	11

8. Sals- og skjenkegebyr .....	11
Vedlegg: Reaksjonar ved brot på alkohollova .....	12

## 1. Formålet med Alkoholpolitisk handlingsplan

Alkohol- og narkotikabruk er blant dei viktigaste risikofaktorane for helsetap og tidleg død i befolkninga. Alkohol er årsak til betydeleg større helsemessige og sosiale problem i samfunnet enn narkotika.

Tal og faktainformasjon frå [Folkehelseinstituttet](#) viser at:

- Vi drikker i gjennomsnitt nesten 7 liter rein alkohol per år, rekna per innbyggjar over 15 år.
- Menn drikker oftere og i gjennomsnitt dobbelt så mykje alkohol som kvinner.
- Eldre drikker oftere, men mindre alkohol enn yngre.
- Vi drikker vesentleg mindre alkohol i Noreg enn i dei fleste europeiske land, rekna per innbyggjar på 15 år og over.
- Vel 12 prosent av tapte friske leveår i den vaksne befolkninga (aldersgruppa under 65 år) i Noreg kan ha sin årsak i alkoholbruk.
- Rusmiddelrelaterte helseskadar er sosialt skeivdelt, og grupper med lågare utdanning og/eller dårlegare økonomi er meir utsette enn andre.
- Den sosiale ulikskapen i dødeleghet som vi ser i Noreg, kan til ein viss grad settast i samanheng med alkoholbruk. Tiltak som effektivt reduserer rusmiddelbruk i befolkninga, vil utifrå dette kunne gje ein betydeleg folkehelsegevinst og medverke til redusert tap av helse der dette har opphav i sosiale ulikskapar.

Det er ein samanheng mellom det totale alkoholforbruket i befolkninga og andelen som har eit risikofylt alkoholbruk. Totalforbruket er difor ein god indikator på kor mange som har eit høgt alkoholinntak, og med det auka risiko for helseskader og sosiale utfordringar.

Alkoholbruk kan vere ein medverkande faktor ved ulykker, vald, sjølvmordsåtferd, og skade på tredjepart. Døme på sistnemnde kan vere born som lid under alkoholbruken til foreldra, fosterskadar, offer for promillekjøring og valdsbruk. Alkoholbruk har også mange negative konsekvensar for arbeidslivet som til dømes auka sjukefråvær og tapt produktivitet.

Ungdata undersøkinga i Ulstein kommune frå 2019 viser at 1 % av ungdommar på ungdomsskuletrinnet har vore berusa seks gonger eller meir, og at 1 % har vore berusa 2–5 gonger. Eit snitt på 74 % svarar at dei aldri har drukke alkohol.

Oversikt over seld- og skjenka alkohol i Ulstein kommune i perioden 2016-2018:

Skjenking (liter)	2016	2017	2018
Alkoholgruppe 1	35 022,95	39 995,49	42 314,28
Alkoholgruppe 2	5 944,71	5 176,45	6 519,88
Alkoholgruppe 3	659,70	469,70	1 165,40
<b>Omsetning i butikk (liter)</b>	<b>331 906,87</b>	<b>364 409,85</b>	<b>356 122,63</b>

Kjelde: Innsende omsetningsoppgåver frå butikkar og skjenkestadar

Formålet til alkohollova er følgjande:

### § 1-1 Lovens formål

«Reguleringen av innførsel og omsetning av alkoholholdig drikke etter denne lov har som mål å begrense i størst mulig utstrekning de samfunnsmessige og individuelle skader som alkoholbruk kan innebære. Som et ledd i dette sikter loven på å begrense forbruket av alkoholholdige drikkevarer.»

Lova gjev kommunane stor fridom til å utforme sin eigen alkoholpolitikk tilpassa lokale tilhøve. Lova opnar også for bruk av skjønn ved handsaming av søknad om løyve.

[Alkohollova § 1-7 d](#) pålegg kommunen å utarbeide ein alkoholpolitisk handlingsplan. Denne fastset kommunen sin løyvepolitikk som skal gjennomføre alkohollova sitt formål; å redusere dei individuelle og samfunnsmessige skadane som alkoholbruk kan medføre. Effektive verkemiddel for å oppnå dette er å avgrense tilgangen til alkohol, ved til dømes regulering av sals- og skjenketider. Andre viktige tiltak er jamlege kontrollar med sals- og skjenkestadane, og raske reaksjonar ved brot på regelverket.

Kommunen må også kurse løyvehavar og tilsette ved sals- og skjenkestadane for å sikre ei ansvarleg alkoholhandtering.

Det er eit uttalt politisk ønske at kommunane i vår region har ein tilnærma lik løyvepolitikk, spesielt med omsyn til sals- og skjenketider, kontroll og handheving av regelverket. Dette på grunn av trafikktryggleik og likast mogleg konkurransevilkår for verksemndene. Saksbehandlarane i samarbeidskommunane bør ha jamlege samarbeidsmøte for å drøfte ulike problemstillingar og sikre god samordning av praksis.

Kommunen sin alkohol- og løyvepolitikk må sjåast i samanheng med kommunen sine overordna planverk for rusmiddelpolitikk og folkehelse.

Sjå elles:

[Alkohollova](#)

[Alkoholforskrifta](#)

[Helsedirektoratet sine kommentarar til alkohollova](#)

[Folkehelseinstituttet sine heimesider](#)

## 2. Gruppeinndeling alkoholhaldig drikk

Alkoholfri drikk	Under 0,7 %
Alkoholsvak drikk	0,7 %-2,5 %
Gruppe 1	Over 2,5 %-høgast 4,7%
Gruppe 2	Over 4,7 %-høgast 22 %
Gruppe 3	Over 22 %-høgast 60 %

## 3. Løyveperiode for sal- og skjenkestadar

Løyveperioden er inntil 4 år og varer til 30. september året etter at nytt kommunestyre er konstituert.

## 4. Om skjenkeløyve

Kommunen kan gje alminneleg skjenkeløyve, skjenkeløyve til einskildhøve og ambulerande løyve.

### 4.1 Alminneleg skjenkeløyve

Ulstein kommune har ikkje sett eit tak for talet på skjenkeløyve.

Vedtak skal gjerast i medhald av reglane i alkohollova med forskrifter, forvaltningslova, alkoholpolitisk handlingsplan og delegasjonsreglementet i kommunen.

#### 4.1.1 Konsept

Det vert som hovudregel ikkje gjeve alminneleg løyve til:

- frisørsalongar/hudpleiesalongar/butikkar og liknanda konsept
- arrangement som er retta hovudsakleg imot barn og unge under 18 år
- undervisningsbygg
- mosjon- og idrettsarenaer
- konditori
- galleri og utstillingar
- kulturbrygg og bygg som vert nytta som grendehus
- kino
- campingplassar
- soner som elles vert rekna som rusfrie
- bensinstasjonar
- kioskar

Det skal førast ei restriktiv line med omsyn til nye konsept.

#### 4.1.2 Skjenketider

Normal skjenketid for gruppe 1 og 2 frå kl. 11:00 - 02:00 alle dagar. Driftskonsept hotell får skjenke frå kl. 09.00. For utandørs skjenkeareal fram til kl. 01:00.

Normal skjenketid for gruppe 3 frå kl. 13:00 - 02:00 alle dagar. For utandørs skjenkeareal fram til kl. 01:00.

Festivaltelt (gruppe 1 og 2) får lik skjenketid som for utandørs skjenkeareal (kl.11:00- 01:00 alle dagar).

For skjenkestadar som er lokalisert utanfor tettstadsområde, og på stadar der naboar ikkje vert sjener, kan skjenketida ute setjast lik skjenketida innandørs.

Konsum av alkoholhaldig drikke må opphøyrta seinast 30 minutt etter at skjenketida har gått ut. Dette gjeld ikkje for uteareal der alkoholhaldig drikke må takast med inn i skjenkelokalet ved skjenketida sin slutt.

#### 4.1.3 Vilkår for å få skjenkeløyve

Kommunen kan sette vilkår for løyve i samsvar med lovverket. Desse kan vere:

- At minimum styrar og vara for styrar skal delta på kurset Ansvarleg vertskap så lenge kommunen tilbyr dette i løyveperioden. Ved skifte av styrar og/eller vara for styrar gjeld det same vilkåret.
- Politiet kan krevje ordensvakter. Når dette vert gjort vert dette stilt som vilkår for løyvet.
- Skjenkestadane skal ha forsvarleg vakthald, og søker skal dokumentere forsvarleg kompetanse til dørvakttoppgåvene.
- Tilsette som er ansvarlege for å skjenke alkohol, skal ikkje drikke alkohol i arbeidstida

### 4.2 Løyve ved einskildhøve

Løyve for einskildhøve kan gjevast til arrangement som varer frå 1–6 dagar.

#### 4.2.1 Konsept

Konsept det ikkje vert gitt løyve til:

- arrangement som er retta imot barn og unge

- undervisningsbygg. I kombinerte anlegg for skule og andre føremål kan det ved særlege høve gjerast unntak når desse anlegga vert nytta til kulturelle og sosiale føremål utanom skuletida.
- campingplassar
- soner som elles vert rekna som rusfrie som symjehallar, skisenter, ungdomsklubbar, bibliotek og idrettsarenaer i samband med idrettsarrangement og idrettsaktivitet
- hudpleiesalongar, frisørsalongar, tatoveringsstudio og liknande
- gatekjøkken, kioskar, bakeri og liknande konsept

Løyve for varegruppe 3 vert berre gitt til arrangement med middagsservering.

Det vil verte innhenta vandelsuttale frå politiet, sjå punkt 4.4.3.

#### **4.2.2 Skjenketider ved einskildhøve**

Skjenketida skal vere som for alminneleg løyve (jf. punkt 4.1.2).

#### **4.2.3 Vilkår ved einskildhøve**

Kommunen kan sette vilkår for løyvet jf. [alkohollova § 4-3](#). Desse kan vere dei same som for alminneleg løyve (jf. punkt 4.1.3). Normalt vil vilkåra vere knytt til:

- vakthald
- løyve til bruk av bygg og uteareal
- dokumentasjon på at tryggleiken er ivaretaken, derunder branngryggingstiltak

#### **4.2.4 Utandørs festivalar**

Aldersgrensa ved utandørs festivalar der det vert skjenka alkohol skal vere minimum 18 år.

Det vert ikkje gjeve løyve til å skjenke alkoholhaldig drikk gruppe 3. Det gjeld sjølv om det er sett opp festivaltelt eller liknande.

Konsum av alkoholholdig drikke må opphøyra seinast 30 minutt etter at skjenketida har gått ut.

Festivalområdet skal vere fysisk avgrensa, det skal vere forsvarleg vakthald og sett i verk forsvarlege tryggingstiltak.

### **4.3 Ambulerande skjenkeløyve**

Det kan gjevast ambulerande løyve til slutta lag der skjenking vert gjort mot vederlag.

#### **4.3.1 Kva er eit slutta lag?**

Med slutta lag meiner ein at det før arrangementet tek til er danna ein slutta/privat krins av personar som er samla for eit bestemt formål i eit bestemt lokale. Det inneber at arrangementet ikkje kan vere ope for alle. Døme på slutta lag er bryllaup, åremål, jubileum, firmafestar og liknande.

Ved leige av lokale er det ikkje uteigar som skal søkje, men den som arrangerer det slutta laget.

Arrangement som vert haldne av lag og foreiningar er ikkje å rekne som slutta lag.

For meir informasjon om [ambulerande skjenkeløyve og kva som skal rekna som slutta lag, sjå helsedirektoratet sine heimesider.](#)

#### **4.3.2 Omfang og skjenketid for ambulerande skjenkeløyve**

Kommunen set eit tak på fem ambulerande løyve på same dag. Eit slikt løyve kan gjevast for alkoholhaldig drikke i gruppe 1, 2 og 3.

Skjenketider for ambulerande løyve vert som for alminneleg løyve, jf. punkt 4.1.2.

## 4.4 Saksbehandling

Kommunen skal utøve sin løyvopolitikk innanfor alkohollova og alkoholforskrifta sine rammer.

Skjenking av alkoholhaldig drikke kan berre skje på grunnlag av kommunalt løyve, jf. alkohollova § 1-4 a.

### 4.4.1 Søkjar

Søkjar er den som har det økonomiske ansvaret for drifta og dette kan vere:

- aksjeselskap, ansvarlig selskap, selskap med delt ansvar og stiftelse
- enkeltmannsføretak
- datterselskap

### 4.4.2 Dokumentasjon

Ved søknad om alminneleg skjenkeløyve skal følgjande dokumentasjon leggast ved søknaden:

- firmaattest for alle selskap involvert i drifta. Attestane skal ikkje vere eldre enn to månadar.
- dokumentasjon på at styrar og vara for styrar har bestått kunnskapsprøva i alkohollova, jf. [alkohollova §1-7c](#)
- dokumentasjon for at styrar og vara for styrar er tilsett i bedrifta
- skisse over skjenkeareal inne og ute. Skjenkearealet skal vere skravert eller fargelagt.
- kopi av overdragingsavtale ved eigarskifte
- internkontrollrutinar

Søknadar vert ikkje behandla før all vesentleg dokumentasjon er levert inn.

### 4.4.3 Innhenting av uttalar

Ved alminneleg skjenkeløyve skal kommunen innhente uttale før søknaden vert behandla. Kommunen pliktar å hente inn uttale frå politi og sosialtenesta. Kommunen kan òg innhente uttale frå til dømes skatte- og avgiftsmynde, mattilsynet og andre aktuelle offentlege myndigheter.

Når ein innhentar uttale om vandel, kan det ikkje takast omsyn til høve som er eldre enn ti år.

Når det vert søkt om skjenking på utandørs areal, skal det innhentast uttale frå teknisk etat. Teknisk etat gjev uttale om reguleringsmessig status, avstand til trafikkareal, plassering og utforming av skjerming/gjerde, eigartilhøve m.v.

## 5. Om salsløyve

Sal av alkoholhaldig drikke skal berre skje på bakgrunn av kommunalt løyve, jf. [alkohollova § 3-1](#).

### 5.1 Salsløyve

#### 5.1.1 Varegruppe 1

Alkohol i varegruppe 1 kan som hovudregel berre seljast av:

- daglegvarebutikkar
- spesialbutikkar for mat og alkohol
- utsal frå stad med tilverknadsløyve, som t.d. gardssal
- nettbutikkar
  - nettbutikkar med verksemadsadresse i kommunen

- nettbutikkar med verksemadsadresse i andre kommunar, men som leverer ut alkohol i kommunen

Det er ikkje høve til å opprette monopol for sal av varegruppe 1.

Det vert ikkje gitt salsløyve til:

- bensinstasjonar og kioskar
- lokale der det er gitt skjenkeløyve med mindre lova opnar for det

### 5.1.2 Varegruppe 2 og 3

Sal av alkoholholdig drikk i varegruppe 2 og 3 skal berre skje frå Vinmonopolet AS sine salsstadar.

### 5.1.3 Salstider

For salsstadar gjeld følgjande salstider:

Kvardagar	kl. 09.00–kl. 20.00
Laurdag og dagar før heilagdagar	kl. 09.00–kl. 18.00
Dagen før Kristi Himmelfartsdag	kl. 09.00–kl. 20.00

Det er tillate å selje alkohol på valldagen.

Alkohol skal vere betalt innan salstida sin slutt.

Utlevering av alkohol må finne stad innanfor fastsette tider for sal i kommunen, uavhengig av tidspunkt for bestilling eller betaling.

### 5.1.4 Vilkår for salsløyve

Kommunen kan sette vilkår for løyva i tillegg til dei krav lovverket set. Desse kan vere:

- Salsstaden skal delta på første moglege kurs i «Ansvarleg sal», så lenge kommunen tilbyr det. Dette gjeld minimum styrar og vara for styrar. Ved skifte av styrar og/eller vara for styrar gjeld det same vilkåret.

## 5.2 Saksbehandlingsreglar salsløyve

### 5.2.1 Søkjar

Søkjar er den som har det økonomiske ansvaret for drifta og dette kan vere:

- aksjeselskap, ansvarlig selskap, selskap med delt ansvar og stiftelse
- enkeltmannsføretak
- datterselskap

### 5.2.2 Løyveperiode

Løyveperioden er inntil fire år og skal vare til 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltrer.

Vedtak vert gjort etter reglane i alkohollova med forskrift, forvaltningslova, alkoholpolitisk handlingsplan og delegasjonsreglementet i kommunen.

### 5.2.3 Dokumentasjon

Ved søknad om alminneleg skjenkeløyve skal følgjande dokumentasjon leggast ved søknaden:

- firmaattest for alle selskap involvert i drifta. Attestane skal ikkje vere eldre enn to månadar.
- dokumentasjon på at styrar og vara for styrar har bestått kunnskapsprøva i alkohollova, jf. [alkohollova §1-7c](#)
- dokumentasjon på at styrar og vara for styrar er tilsett i bedrifta
- ei skisse over lokalet der sal skal skje
- kopi av overdragingsavtale ved eigarskifte
- rutinar for internkontroll

Søknadar vert ikkje handsama før all vesentleg dokumentasjon er levert inn.

#### **5.2.4 Innhenting av uttalar**

Før kommunen gjer vedtak om tildeling av salsløyve, skal kommunen hente inn uttale frå politi og sosialtenesta. Kommunen kan også innhente uttalar frå til dømes skatte- og avgiftsmynde, mattilsynet og andre aktuelle offentlege mynde.

Ved innhenting av vandelsuttalar er det ikkje høve til å leggje vekt på forhold som er eldre enn ti år.

## **6. Kontroll med sals- og skjenkestader**

[Alkoholforskrifta kap. 9](#) inneholder føresegner om kontroll med sals- og skjenkeløyve.

Kommunen skal kontrollere alle sals- og skjenkestadar for å sikre at det ikkje skjer brot på regelverketeller vilkåra i løyvet.

Kommunen kan gjennomføre kontrollar ved eigne tilsette, engasjerte kontrollørar eller private vakselskap. Gjennom innkjøppssamarbeidet med Ålesund kommune er det per i dag inngått ein avtale med eit privat vakselskap, og det vil vere denne avtalen som regulerer omfanget og detaljane kring korleis skjenkekontrollen skal gjennomførast.

Skjenkekontrollen skal kontrollere løyve gitt av kommunen; både alminnelege skjenkeløyve, ambulerande løyve, løyve for einskildhøve og salsløyve. Den kommunale kontrollplikta omfattar ikkje A/S Vinmonopolet sine utsal, eller løyve til engrossal.

Det følgjer av alkoholforskrifta at kontrollen skal gjerast med minimum to kontrollørar, og kan skje ope eller anonymt. Kontrollen skal særleg omfatte sals- og skjenketidene, føresegner om aldersgrenser, og at det ikkje vert selt, eller skjenka alkohol til personar som er openbert påverka av rusmiddel.

Kommunen skal elles sikre at kontrollen til ei kvar tid er tilpassa lokale forhold.

Det følgjer av [alkoholforskrifta § 9-7](#) at kommunen skal gjennomføre minimum tre gongar så mange kontrollar per år som det er løyve, og kvar stad skal kontrollerast minimum ein gong per år.

Kontrollane med ambulerande løyve og løyve for einskildhøve kjem i tillegg til den ordinære skjenkekontrollen.

Saksansvarleg for sals- og skjenkeløyve i kommunen skal gjennomføre årlege planleggingsmøte med skjenkekontrollen.

## **7. Reaksjonar ved brot på alkohollova**

Kommunen pliktar å reagere dersom skjenkekontrollen eller andre mynde avdekkjer at løyvehavar ikkje har oppfylt sine plikter etter alkohollova, forskrifter eller plikter som følger av sjølvे løyvedektaket.

#### **7.1 Prikktildeling og inndraging av sals- og skjenkeløyve**

Alkoholforskrifta har reglar om standardiserte reaksjonar i form av prikktildeling ved brot på regelverket eller på vilkåra i løyvet, sjå [kapittel 10 i forskrifta](#).

Sanksjonar som prikktildeling eller inndraging av sals- og skjenkeløyve kan berre skje på grunnlag av ein skjenkekontroll gjennomført i medhald av kapittel 9 i alkoholforskrifta, eller ein formell rapport frå andre myndigheiter.

Dess alvorlegare brotet er, dess fleire prikkar pliktar vi å gje. Likearta brot skal vurderast som eit enkeltbrot, men fleire likearta brot under ein kontroll kan indikere at det ligg føre skjerpende omstende som gjev grunnlag for fleire prikkar.

Kva type lovbroter som gjev prikkar, og kor mange prikkar brotet kvalifiserer til går fram av alkoholforskrifta § 10-3. Det er utarbeidd ei enkel oversikt i vedlegget. Paragraf § 10-4 opnar for at vi kan gje færre eller fleire prikkar. Det skal meir til for å gje færre prikkar enn for å gje fleire prikkar.

Dersom løyvehavar i løpet av ein periode på to år har fått totalt 12 prikkar, skal kommunen drage inn løyvet for eit tidsrom på ei veke. Vert det i perioden gjeve fleire enn 12 prikkar, skal vi auke lengda på inndraginga tilsvarande.

Når vi bereknar toårsperioden, skal tidspunktet for brota leggjast til grunn. Toårsperioden gjeld uavhengig av om løyvet er fornya i løpet av perioden, jf. alkohollova § 1-6. Ved overdraging av verksemda, byrjar ny periode på tidspunktet for overdraginga, jf. alkohollova § 1-10 første ledd.

Inndraging av eit løyve kan også skje når vilkåra for å ha løyve ikkje lenger er tilstades, som til dømes at kravet til uklanderleg vandel i alkohollova § 1-7b ikkje er oppfylt.

## 7.2 Saksbehandlingsreglar ved brot på regelverket

Det følgjer av § 9-6 i forskriften at skriftlege rapportar frå skjenkekontrollen skal sendast til sals- eller skjenkestaden seinast innan ei veke, med ein frist på to veker for eventuelle merknadar. Dersom det er registrert negative avvik, kan rapporten med eventuell tilleggsrapport sendast ut saman med førehandsvarsle om vedtak. Sjå meir om førehandsvarsle under.

Vedtak om inndraging og tildeling av prikkar skal reknast som enkeltvedtak etter [forvaltningslova § 2](#). Det inneber at det gjeld særskilde saksbehandlingsreglar, sjå forskriften §§ 10-5 og 10-6 og forvaltningslova.

Før eit eventuelt vedtak om inndraging eller prikktildeling vert gjort, pliktar vi å gje førehandsvarsle (jf. [forvaltningslova § 16](#)) om at kommunen vurderer eit slikt vedtak og ei grunngjeving for dette.

Løyvehavar skal også få ein rimeleg frist til å uttale seg om saka.

## 8. Sals- og skjenkegebyr

Sals- og skjenkegebyra i kommunen følgjer til ein kvar tid satsar satt i forskrift til alkohollova.

Kommunen gir frist for innrapportering av omsetjing som dannar grunnlag for avgift.

Sakhandsamingsgebyr ved søknad om alminneleg løyve til einskildarrangement vert sett til:

Løyve for 1 dag kr. 1200,-. For påfølgande dagar kr. 500,- per dag.

## Vedlegg: Reaksjonar ved brot på alkohollova

Prikkar	Regelbrot
8	Sal, utlevering og skjenking til mindreårige (personar under 18 år)
	Brot på bistandsplikta
	Brot på kravet om forsvarleg drift
	Å hindre kommunal kontroll
4	Sal, utlevering og skjenking til person som er openbart påverka av rusmiddel (gjeld både alkohol og narkotika). Skjenking til person som ein må anta er påverka av rusmiddel
	Brot på reglane om sals-, utleverings- og skjenketid
	Skjenking av alkoholhaldig drikk over 22 volumprosent til person under 20 år
	Brot på alderskrav for den som sel, utleverar eller skjenker alkoholhaldig drikk
2	Person som er openbart påverka av rusmiddel får tilgang til lokalet, eller at løyvehavar ikkje syt for at ein person som er openbart påverka av rusmiddel forlèt lokalet
	Manglar ved løyvehavar sin internkontroll
	Gjentekne tilfelle med omsetnad av narkotika på skjenkestaden
	Gjentekne tilfelle av diskriminering
	Manglande levering av omsetnadsoppgåve og forseinka betaling av gebyr
	Brot på krav om styrar og vara for styrar

	Brot på krav om alkoholfrie alternativ
	Brot på reglane om plassering av alkoholhaldig drikk på salsstad
	Brot på reglane om skjenkemengd for brennevin
	Brot på vilkår sett i vedtaket om løyve m.m.
	Konsum av medbrakt alkohol
	Gjestar tek med alkohol ut frå skjenkelokalet
1	Brot på reklameforbodet
	Det vert skjenka alkohol frå leverandør som ikkje har "tilvirknings- eller salgsbevilling eller som kan drive engrossalg, eller som er tilvirket eller innført med hjemmel i § 4-2 tredje ledd."
	Brot på forbod mot å nytte alkoholhaldig drikk som gevinst, eller premie
	Brot på forbod mot å dele ut alkoholhaldig drikk til forbrukar med marknadsføring som formål
	Brot på forbod mot at person som har salsløyve gjev rabatt ved sal
	Brot på forbod mot innføring og omsetting av enkelte alkoholhaldige drikker, jf. Alkohollova § 8-13.